

# Bygd for framtida

Brattvåg Vassverk bygg ut for nærmare 40 millionar kroner. Til hausten blir vatnet krystallklart.

Brattvåg vassverk var bygd med tankane om utviding i bakhovudet. Etter mange forskjellige skisser, møter med ingeniørar og konsultantar fall ein til slutt på denne løysinga. Dette er ei utbygging der ein tenker nytt og langsiktig.

- Det er bygd for framtida, seier Peter Paskert, dagleg leiar for Hydro Elektrik, som leverer vassbehandlingsanlegget.

## Ozonbehandling

Ozonbehandlinga er ein organisk prosess der ein ikkje tilsett kjemikalier for å reinse vatnet.

Vassverket skal produsere Ozon (O<sub>3</sub>), som er eit ustabil molekyl samansett av tre oksygenatom. Dette skjer når oksygenen (O<sub>2</sub>) blir utsett for høg spenning. Ozonet som blir danna er ikkje stabilt, og dette blir ein aktiv motpart som mellom anna drep celler og bakterier.

Vatnet skal også i gjennom UV-behandling, som kan ta knekken på viruset giardia. Det vil seie at Brattvåg vassverk får tre barrierar når det kjem til å reinse drikkevandet. Det at der ikkje er gardsbruk eller dyr i beite i området kring vasslaupet blir rekna som ei eiga barriere for filtrering av vatnet.

Når vassverket fyrst skulle bygge ut ville dei bygge eit vassbehandlingsanlegg der ein ikkje tilsett gift for å få vatnet godkjent.

## Prossessen

Humusen er lange kjeder, som ein kan sjå i mikroskop. Den blir danna av organisk nedbrytbart materiale som blir frakta av overflatevatn til vasskjelda. Når ozonet kjem i kontakt med humusen, kuttar den humuskjeda i småbitar. Det neste steget i prosessen er eit biologisk filter. Dette filteret har ein god bakteriekultur som et opp småbitane av humusen som ozonet kuttar opp.

- Då blir vatnet sterilisert, og betre enn flaskevatt. Det er eit friskt og godt vatn, seier Paskert.

## Krava til Mattilsynet

Mattilsynet stiller krav på eit fargetal, som er definisjonen på humus. Grensa er på 20, men når ein fyrst bygg ytt behandlingsanlegg, går grensa ned til 15. Vatnet som kjem ut av det nye behandlingsanlegget er under 10 på fargetal. Vatnet ligg no litt over 20. Humusen er eit meir og meir utbreidd problem for vassanlegg, og fleire vassverk har fått krav om å redusere humusinnhaldet i drikkevandet.



**FYLGJER MED** Terje Otterlei fylgjer med når dei nye tankane blir frakta til Brattvåg Vassverk.  
Alle foto: Rolf Espen Furnes

## Hydro Elektrik AS

Hydro Elektrik AS har 25 års erfaring med ozonanlegg, til vassverk og badeanlegg. Dei har frakta tankane og dei andre komponentane på seks semi-trailerar heilt frå Ravensburg i Tyskland, heimstaden til pussel og produksjonsområdet til Hydro Elektrik AS.

- Dette er det 11. vassbehandlingsanlegget og har vore med å bygga i Noreg. Nummer 12 kjem i Jartdal kommune, seier Peter og legg til at der er 19-20 slike ozonbehandlingsanlegg i Noreg.

Hydro Elektrik har ein genial teknikk når dei monterar tankane.

- Vi har tre punkter. Når vi sett ned ein tank, så måler vi, og passer dette, passer alt. Derfor er det viktig at bygget er på millimeteren, forklarar Paskert.

## Godt samarbeid

Både Paskert og dagleg leiar i Brattvåg Vassverk Terje Otterlei skryt over det nære samarbeidet som har vore gjennom heile byggeprosessen.

- Det blir eit flott bygg og godt vatn, seier Paskert.

Det nye vassbehandlingsanlegget er lett å handtere og lett å vedlikehalde. I tillegg er det eit lukka system, slik ein ikkje kjem i kontakt med vatnet. Til slutt kjem Paskert med ei litt oppmoding.

- Vi treng ingeniørar innan vatn. Det er eit viktig arbeids-

området og vi arbeidar med å få folk til å interessere seg i vatn, seier Paskert.

**ROLF ESPEN FURNES**  
rolf.furnes@haramsnytt.no

## SYREFRITT

Vassbehandlingsanlegget og tankane er laga av syrefritt stål av høg kvalitet. Gjennomstrøyminga kan fylle 24 badekar i minuttet.



## DRESSERING

Kva som vil skje med det gamle vassverket er Otterlei ikkje sikker på. Peter Paskert seier at han kan nytte det til oppdrettsanlegg, og dressere aure til å hoppe, eller japanske akvariumsfiskar. - Så kan du invitere skuleklasser, ler Paskert.



## 11 VEKER

Det er 11 veker monteringsstid frå fyrste tank til prøvetid. Førebels ligg dei ein dag framfor skjema. På bilete: Peter Paskert, dagleg leiar for Hydro Elektrik.